



Pyntegjengen har skapt eit utruleg flott og stemningsfullt festivalområde.

Festidalen har godt ord på seg for den lune gode stemninga. Den kjem ikkje av seg sjølv. Alle sider ved arrangementet verkar godt gjennomtenkt og gjennomarbeidd. Likevel arbeider dei heile tida for å verta enda betre. Konsertarenaen ligg nydeleg til på Dønhaug. Likevel gjer pyntegruppa ein stor jobb for å skapa ein koseleg atmosfære.

Sidan ein del av våre lesarar ikkje får oppleva festen og stemninga på Dønhaugjordet, tok eg ein tur oppom arenaen i morgontimane. Eg tok nokre bilete for at også dei som ikkje kjem innom Festidalen, skal kunna få eit inntrykk av korleis det er pynta til denne rockefestivalen i bygda. Kanskje var eg litt seint ute, for nattevakta kunne fortelja at det var heilt fantastisk stemningsfullt om natta. Då kom all lyssetjinga til sin rett.

Det er ein fantastisk flott arena, og eg trur at dette er medverkande til den spesielle stemninga på denne festivalen, saman med andre viktige grep som Festidalen-leiinga har gjort. Eg trur også det er særdeles viktig at det er gjort til ein familiefestival. Engasjementet og deltakargleda vi ser hos dei unge no i forkant tyder også på det.

På dagen i dag er det fullt i FestidaGen-aktiviteta for born i tillegg til næringsseminar kl.14.00. Kl.17.30 er det klart for dei første tonane på Dønhaug-jordet då DELILLOS går på scenen.

Då vert publikum møtt av ein flott arena, og eg håpar de får eit visst inntrykk ved å nyte bileta. Elles vil eg oppfordra alle til å ta ein kikk på alle dei fine bileta som vert lagt ut på Festidalen si heimeside, og på facebook-sida deira.



20 slike flotte rocke-troll som FestidaGen-borna har laga, skal pynta opp langsvegen opp til området.



Hesjedugnaden er viktig også sosialt. 80 stilette i år.



Arbeid med inngangsporten.



Inngangsporten.



Flotte kombinasjonar!



Traktoren høyrer med i ei landbruksbygd.



Vakkert!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Festidalen og Thor Inge Døssland